

Saksframlegg

Utv.saksnr	Utvalg	Møtedato
	Formannskap	03.04.2018
	Kommunestyret	12.04.2018

Detaljreguleringsplan for Brubakken - Godkjenning

Vedlegg:

- 1 Høyringsnotat
- 2 Saksframlegg_20180112
- 3 Planomtale
- 4 Plankart
- 5 Føresegner
- 6 Profil 1
- 7 Profil 2
- 8 Detalj_Norsk fjellsenter

Innstilling frå administrasjonssjefen:

Med heimel i plan- og bygningslova § 12-12 godkjenner Lom kommune «Detaljreguleringsplan for Brubakken», planID 5140072, med planomtale, plankart og planføresegner datert 20.03.2018.

Samandrag

Planområdet omfattar i arealet/trekanten mellom vegane Brubakken, Solsidevegen og Rv. 15. Føremålet med planarbeidet er å legge rammer og føringer for gjennomføring av trafikksikrande tiltak langs den kommunale vegen Brubakken som går frå Norsk Fjellsenter til Lom helseheim. For byggeområda som inngår i planområde ønskjer ein gjennom reguleringsplanen å fastsetja dagens arealbruk, i tråd med dei føringane som ligg i kommunedelplanen for sentrum.

Saksutgreiing

Nordplan AS har utarbeidd forslag til detaljreguleringsplan for Brubakken, og planområdet omfattar kommunal veg Brubakken og bustad- og skuleareala nordover, avgrensa av Fv. 467 Solsidevegen og Rv.15. Inkludert er også Kyrkjelydhuset/Gammelbanken og Norsk Fjellsenter. Områdets totale areal er 61,3 daa. Oppstartsmøte med kommunen og kunngjering av planarbeidet vart gjennomført hausten 2017

Hovudformålet med reguleringsplanforslaget er å legge rammer og føringar for gjennomføring av trafikksikrande tiltak langs den kommunale vegen Brubakken.

Overordna plan er kommunedeleplan for Fossbergom, vedteken 2003. Kommunedelplanen er under revidering, og er forventa ferdigstilt i 2018. Noverande arealbruk i planområdet er bustadar, skular, bygg med offentleg og privat tenesteyting (barnehage, skular, m.v.) og noko grøntareal.

Framleggget til ny reguleringsplan var behandla første gong i formannskapet 12.01.2018, og vart lagt ut til offentleg ettersyn i perioden 17.01 – 26.02.2018.

Det har kome inn totalt 8 høringsuttaler, omtala i høringsnotatet, frå:

- Kartverket
- Eidefoss
- Direktoratet for mineralforvaltning
- Gudbrandsdalsmusea
- Fylkesmannen i Oppland
- NVE
- Oppland fylkeskommune
- Statens Vegvesen

Innspel som har ført til endringar i detaljreguleringsplan for Brubakken:

Brev frå Gudbrandsdalsmusea, datert 24.02.18. krev at det vert oppretta ei sikringssone på minimum fem meter rundt Storstabburet sine ytre grenser.

Vidare peikast det på inngangsområdet til Presthaugen og forslaget som vart utarbeida for å gjere museet meir synleg for besøkande. Å ikkje ta med avkøyring til/frå vaktsentralen ville øydeleggje for framtidige planar for inngangsområdet til Presthaugen.

Etter møte med deltakarar frå Gudbrandsdalsmusea vart det avklart avkøyringa til/frå vaktsentralen skulle takast inn i plankartet.

Området kor Storstabburet ligg er i høringsframleggget regulert til park. Gudbrandsdalsmusea ber om at området ikkje blir opparbeida til kunstig park, men at det blir ivaretake som kulturlandskap. Dette er no spesifisert i føresegne, da arealformålet *park* kan oppfattast feil (pkt. 5.1).

Brev frå Fylkesmannen i Oppland, datert 08.03.18. meiner at reguleringsføresegna om støy i kap.7.4 er upresise. Det visast til krav i forureiningsforskrifta, og ber om at siste setning i nemnde kapittel vert erstatta med deira setning. Setninga er tatt med i føresegne pkt. 7.4.

Ei administrativ korrigering er gjort. Kyrkjelydhuset er innlemma i planen på arealet BOP2, og følgjande punkt lagt inn i føresegne, under pkt. 4.3: *For BOP2 kan dagens bruk av eksisterande bygningsmasse vidareførast.*

Vurdering

Trafikktihove og sikring av mjuke trafikantar som ferdas i Brubakken har vore eit tema i Lom kommune i fleire år. Det vart i kommunestyremøte 1.februar, sak 4/2018 - *Oppfølging av prosjekt og investeringstiltak 2018* – vedteken at oppstart av arbeidet i Brubakken startar i juni 2018.

Administrasjonssjefen si vurdering er at etablering av einvegskøyring i Brubakken er positivt for sikringa av mjuke trafikantar, og at reguleringsplanforslaget løyser problemstillingar knytt til sikker tilkomst for gåande, syklande og køyrande.

Ingen av høyringspartane har merknader til planens hovudformål; legge rammer og føringar for gjennomføring av trafiksikrande tiltak langs den kommunale vegen Brubakken.

Høyringsuttalene er teke omsyn til gjennom dei endringar som er gjort etter planframlegget var på høyring.

Høyringsnotat

Oppsummering av høyringsinnspele som grunnlag for sluttbehandling av detaljreguleringsplan.

Notatet omfattar:

Skriftlege høyringsinnspel med kommentarar.

Etter gjennomgang av innspele til reguleringsplanen, er det foreslått nokon endringar. Endringane er for det meste korrigeringar og spesifiseringar. Endringsforsлага er omtala i høgre kolonne som kommentarar til kvart enkelt innspele. Til slutt i dokumentet er det lista opp konkrete endringar i detaljreguleringsplanen.

Avsendar	Oppsummering av innspele	Kommentarar og forslag til endringar
Kartverket	Ein feil i sosi-fil registrert - planstatus	Blir retta opp ved vedtak.
Eidefoss	<p><i>Vi gjør oppmerksom på at Eidefoss har et omfattende lavspent-, høyspent- og lavspent fiber jordkabelanlegg i planområdet.</i></p> <p>Lagt ved to oversikter i pdf-format.</p>	Blir tatt til etterretning i anleggsperioden.
Direktoratet for mineralforvaltning	<p><i>Planområdet omfatter deler av lokalt viktig sand- og grusressurs i sørlig del av det foreslåtte planområdet. Det aktuelle området er allerede i stor grad bygget ned, og gjort utilgjengelig som ressurs. DMF kan derimot ikke se at videre utnyttelse av ressursen på den aktuelle delen av forekomstområdet er gjennomførbart. DMF har derfor ingen ytterligere merknader til saken.</i></p>	Ingen kommentar til innspelet.
Gudbrandsdalsmusea	<p><u>Sikringssone kring Storstaburet under anleggsperioden</u></p> <p><i>I samhøve med Kulturminnelova, alder, og faktisk behov for avstand, vil vi krevje at det blir oppretta ei vernesone kring Storstaburet sine ytre grenser på minimum fem meter.</i></p>	<p>Kommunen hadde eit møte med deltararar frå Gudbrandsdalsmusea 9.mars 2018, og avklara alle punkt i innspelet.</p> <p>Det leggjast inn ei sikringssone rundt Storstaburet på 5 meter i plankartet.</p>

	<p><i>Vi ber også om at det blir tatt særskild omsyn til gangbrua opp til Storstabburet og at ein unngår at denne blir utsett for trykkskadar eller påverka på anna vis av bygningsarbeidet.</i></p> <p>Tilkomst til Storstabburet</p> <p><i>Vi ber om at det blir lagt til rette for enkel åtkomst til inngangen til Storstabburet for gående frå fortauet, eventuelt ved senking av fortau eller at ein ikkje nyttar kantstein der, eller via ein enkel gangveg.</i></p> <p>Omsyn til vassveg</p> <p><i>Vi ønsker eit møte med Lom kommune der vi drøftar korleis vassvegen kan bli ivareteke på tross av utbygd gangveg og biloppstillingsplassar langs Brubakken, då dette vil påverke løypa der vassvegen går i dag. Det er liten grad av helling i terrenget, og vi håper kommunen kan hjelpe oss med tilrettelegging slik at vassvegen kan få ein ny trasé då dette er eit viktig element for museet.</i></p> <p>Omlegging av inngangsparti og innkøyring til Presthaugen</p> <p><i>Gudbrandsdalsmusea har lenge hatt planar om å opparbeide området kring inngangen til Presthaugen for å gjøre museet meir synleg for turistar og besökande. For ei tid sidan blei det utarbeida eit forslag til nytt inngangsområde av ein landskapsarkitekt. Samanslåing av innkøyringa til «Vaktsentralen» og Presthaugen, vil snu opp ned på desse planane. Vi ber om eit møte med kommunen der dette kan drøftas. Vi ønsker at inngangen til museet skal vere attraktiv og godt synleg for besökande.</i></p> <p>Omregulering til park- og fritidsareal kring Storstabburet</p> <p><i>Vi ber om at området blir ivareteke som kulturlandskap og ikkje blir opparbeida til kunstig park då dette vil bryte med uttrykket til Storstabburet.</i></p> <p>Anleggsperiode</p> <p><i>Vi ber om at det i den grad det er mogleg med kryssande interesser, blir teke omsyn til at museet sin høgesong er juli og august i utføringa av arbeidet.</i></p> <p>Part</p> <p><i>Vi ber om at kommunen ser på Gudbrandsdalsmusea som part i framtidige reguleringsplanar som omfattar Presthaugen og området kring Storstabburet, og involverar oss på eit tidlig stadium i planlegginga.</i></p>	<p>Takast til etterretning i anleggsperioden.</p> <p>Takast til etterretning i anleggsperioden</p> <p>Takast til etterretning i anleggsperioden.</p> <p>Innkøyring til vaktsentralen er tatt inn i plankartet.</p> <p>Spesifisering tatt inn i føresegnene (pkt. 5.1) da arealformålet kan oppfattast som noko anna enn tiltenkt formål.</p> <p>Takast til etterretning i anleggsperioden.</p> <p>Takast til etterretning.</p>
--	---	--

Høyringsnotat – Detaljreguleringsplan for Brubakken

Fylkesmannen i Oppland	<p><u>Landbruksomsyn</u></p> <p>Fylkesmannen seier at det innanfor planområdet til denne planen er til dels store areal som det ikke er bygd på, og Fylkesmannen meiner at ein her må sjå på om det kan vere mogleg å finne areal som kan nyttast til noko av føremåla som det er fremma motsegn mot at vert plassert på prestegardsjordet (kommunedelplan for Fossbergom).</p> <p>Fylkesmannen oppfattar dette slik at hovudmålet med reguleringa er å legge rammer for trafikksikringstiltak, og at ei eventuell løysing av motsegna knytt til kommunedelplanen ikkje vert vurdert i denne planen. Fylkesmannen tek dette til etterretning, men vil framleis halde døra open for at ein må vurdera ei løysing av deler av motsegna innanfor dette planområdet.</p> <p><u>Miljøfaglege merknader</u></p> <p>Fylkesmannen viser til registreringar av dei raudlista planteartane smånøkkel og krattsoleie (begge nær truga – NT) i Brubakken 1, jf. informasjon i InnlandsGIS. Informasjonen er frå 2005 og kan være feilplassert. Vi viser likevel til føringane i naturmangfaldlova §§ 8-12, og føreset at dette blir utgreidd og avklart før utbygging.</p> <p>Føringane om støy i kap. 7.4 i reguleringsføresegna er upresise, og viser til krav i forureiningsforskrifta og ikkje støyretningsline T-1442/2016. Fylkesmannen ber om at desse blir endra slik at siste setning i nemnde kapittel blir erstatta med følgande:</p> <p><i>Utbygging i gul støysone i areala BU1, 5 og 6 skal sikre eit maksimalt støynivå på uteoppahaldsareal og utanfor vindauge til rom med støyfølsamt bruksformål på maks. Lden 55 dB, i tråd med gjeldande støyretningsline.</i></p>	<p>Det aller meste av arealet som det blir peika på her er ute- og aktivitetssområde for Loarbarneskule, og er derfor lite aktuelle å ta i bruk til parkeringsformål, ny bussterminal eller ny gravplass, jfr. Fylkesmannens motsegn til kommunedelplan for Fossbergom.</p> <p>Takast til etterretning</p> <p>Raudlisteartane er «tidlege artar», kor førekomst kan bli utgreidd i mai/juni før utbygging.</p> <p>Tatt inn i føresegnene.</p>
NVE	<p><u>NVEs generelle tilbakemelding</u></p> <p>NVE minner om at det er kommunen som har ansvaret for at det blir tatt tilstrekkelig hensyn til flom- og skredfare i arealplaner, byggetillatelser og dispensasjoner, slik at ny utbygging blir tilstrekkelig sikker. Dette gjelder uavhengig av om NVE har gitt råd eller uttalelse til saken.</p>	<p>Tatt til etterretning.</p>
Oppland fylkeskommune	<p>Viser til innspel gitt ved varsel om oppstart.</p>	<p>Tatt til etterretning.</p>

Statens vegvesen	<p><u>Trafikkreduserande tiltak</u> Statens vegvesen er samd i kommunens eiga vurdering i planframlegget ROS-analyse, kor kommunen påpeiker at ein bør vurdere andre tiltak for vegstrekninga som t.d. fartsdumper for å sikre låg fart.</p> <p><u>Utbetring av krysset mellom Brubakken og fv. 467</u> <i>Krysset må utbetrast i tråd med vedtatt reguleringsplan for Fv. 467 GS-veg Andvordsjordet bustadfelt – kryss rv. 15 frå 2015. Gs-vegen har byggestart i vår.</i> <i>Vi gjer merksam på at Statens vegvesen på vegne av Oppland fylkeskommune ikkje har midlar til å dekke arbeid med utbetring av krysset. Det er likevel ein fordel om kryssutbetrิงa inngår i arbeidet med bygging av ny gs-veg og blir utført samtidig. Vi vil derfor oppmøde kommunen til å samordne arbeida.</i></p> <p><u>Krysset ved Fjellmuseet og rv. 15</u> <i>Illustrasjonsplanen viser ei mogleg utforming av kryssområdet med bruk av oppheva «sharedspace». Løysinga kan i følgje kommunen betre vilkåra for gåande og syklande i området. Vi syns ikkje dette er ei god løysing her, planen set heller ingen krav til at løysinga skal bli bygd. Å heve heile kryssområdet vil bli ei kostbar løysing, og utforminga er dessutan ikkje i tråd med Statens vegvesens eigen plan for gang- og sykkeltiltak i dette krysset. Vi føreset derfor at vår plan blir lagt til grunn for tiltak.</i></p> <p><u>Fortau langs rv. 15 ved Fjellmuseet - gjennomføringsavtale</u> <i>Ved privat eller kommunal utbygging av gang- og sykkelveg/fortau langs rv. 15 må det på plass ein gjennomføringsavtale med Statens vegvesen, som regulerer ansvarsforhold ved gjennomføring, krav til kvalitet, dokumentasjon, økonomi etc.</i></p> <p><u>Trafikktrygg skuleveg i anleggsperioden</u> <i>Sikring av gåande og syklande og god informasjon til skule og foreldre blir viktig i anleggsperioden. Dette gjeld særleg om anleggsperioden hald fram etter skulestart.</i></p>	<p>Kommunen vil vurdere tiltak for å sikre låg fart i Brubakken.</p> <p>Sjølve krysset er ikkje røyrt av planområdet, og vedtekne planer difor gjeldande.</p> <p>Anleggsarbeidet er ikkje ein del av sjølve planarbeidet, og innspel vil bli vidareformidla.</p> <p>Illustrasjonen er ikkje ein del av reguleringsplanen, og ikkje juridisk bindande, men meint som ein mogleg utforming av området. Planane som ligg til grunn er profilane (1 og 2) utarbeidd i 2015.</p> <p>Takast til etterretning.</p> <p>Takast til etterretning.</p>
-------------------------	--	---

Endringar i detaljreguleringsplan for Brubakken

- Det er lagt inn ei sikringssone på 5 meter rundt Storstaburet i plankartet.
- Det er lagt inn ei avkørsel til/frå vaksentralen i plankartet.
- Det er lagt inn spesifisering føresegnene under pkt. 5.1 park.
- Det er lagt inn spesifisering i pkt. 7.4 om støy.
- Det er lagt inn spesifisering for BOP2 under pkt. 4.3 offentleg eller privat tenesteyting.

Saksframlegg

Utv.saksnr	Utvaleg	Møtedato
	Formannskap	12.01.2018

Offentleg ettersyn av framlegg til detaljreguleringsplan for Brubakken**Vedlegg:**

- 1 Planomtale
- 2 Plankart
- 3 Føresegner
- 4 Profil 1
- 5 Profil 2
- 6 Detalj_Norsk Fjellsenter

Innstilling frå administrasjonssjefen:

Lom kommune vedtek i medhald av plan- og bygningslova §12-10 og 12-11 å leggje forslag til detaljreguleringsplan for Brubakken ut til høyring og offentleg ettersyn.

Frist for å komme med uttale og evt. motsegn til planforslaget blir sett til minimum seks (6) veker frå planen blir lagt ut til offentleg ettersyn. Planforslaget omfattar planomtale med gjennomgang av innkomne merknader og risiko-og sårbarheitsanalyse, plankart i målestokk 1:1000, planføresegner og tekniske planteikningar.

Samandrag

Føremålet med planarbeidet er å legge rammer og føringar for gjennomføring av trafikksikrande tiltak langs den kommunale vegen Brubakken som går frå Norsk Fjellsenter til Lom helseheim. For bygggeområda som inngår i planområde ønskjer ein gjennom reguleringsplanen å fastsetja dagens arealbruk, i tråd med dei føringane som ligg i kommunedelplanen for sentrum.

Saksutgreiing

Det vart i formannskapsmøte 16.03.17 framlagt ei bestilling på reguleringsplan for området omtala som Brubakken. Etter ei anbodsrunde vart det inngått ei avtale med Nordplan AS med Lom kommune som oppdragsgjevar, og partane hadde oppstartsmøte 24.08.2017.

Oppstart av planarbeidet vart varsle med brev til grunneigarar, naboar, lokale og regionale høyringsinstansar, med frist for merknader sett til 05.10.17. Planarbeidet vart også varsle med annonse i Fjuken, og på kommunen og Nordplan AS sine heimesider. Det er kome inn 7 innspeil til planarbeidet, og desse er gjennomgått og kommentert i planomtalen.

Nordplan AS har utarbeidd forslag til detaljreguleringsplan for Brubakken, og planområdet omfattar communal veg Brubakken og bustad- og skuleareala nordover, avgrensa av Fv. 467 Solsidevegen og Rv.15. Inkludert er også Kyrkjelydhuset/Gammelbanken og Norsk Fjellsenter. Områdets totale areal er 61,3 daa.

Planforslaget består av følgjande dokument:

- Plankart (A1, 1:1000)
- Illustrasjonsplaner, 3 stk. (ikkje juridisk bindande)
- Reguleringsføresegner
- Planomtale m/ROS
- SOSI-fil av plankartet
- Kontrollrapport, SOSI-fil

Hovudformålet med reguleringsplanforslaget er å legge rammer og føringer for gjennomføring av trafikksikrante tiltak langs den kommunale vegen Brubakken.

Overordna plan er kommunedeleplan for Fossbergom, vedteken 2003. Kommunedelplanen er under revidering, og er forventa ferdigstilt i 2018. Noverande arealbruk i planområdet er bustadar, skular, bygg med offentleg og privat tenesteyting (barnehage, skular, m.v.) og noko grøntareal.

Vurdering

Trafikktihove og sikring av mjuke trafikantar som ferdas i Brubakken har vore eit tema over lengre tid. I 2015 vart det laga eit forslag av ekstern konsulent, som innebar at køyrebanan vart smalare og einvegskjørt, med gang- og sykkelveg og betre belysning. Dette har vore inne i budsjett og økonomiplan sidan forslaget vart gjort kjent, men for å gjennomføre slike store tiltak, må det ligge ein reguleringsplan til grunn.

Det er spesielt rundt tidspunkt for levering og henting i barnehage og skule at trafikkbilete endras drastisk, spesielt da vegen er tovegskjørt, og bilar står parkerte langs grøftekanten i begge retningar. Mjuke trafikkanter er særleg utsatt, da det ved fleire anledningar blir eit kaos av køyrande, syklande, gåande og trillande ved dei ulike flaskehalsene.

Framlegg til detaljreguleringsplan legg forslaget frå 2015 til grunn for utforming. Brubakken skal bli envegskjørt, kryssset i toppen av Brubakken skal utbetrast, og det er moglegheit for av- og påstigning ved skulen og barnehagen. Det vil bli gang- og sykkelveg heile strekninga, og ljósanlegget utbetrast.

Planforslaget tek mål av seg om å løyse problemstillingar knytt til sikker tilkomst for gåande, syklande og køyrande, parkering, o.a. infrastrukturtiltak. Det er planlagt nye kantparkeringsplassar som er fysisk skilt for gåande og syklande. Desse vil vera spesielt viktige for skule- og barnehageskyss med privatbilar.

Det blir lagt opp til auka ferdsel i Brubakken med gåande og syklande. Brubakken vert planlagt med fortau for fysisk skilje mellom bil og fotgjengar/syklist. Dette er eit tiltak som vil redusere sannsynet for ulukke med gåande og syklande, og dermed også risiko. Ein bør vurdere andre tiltak for vegstrekninga, t.d. fartsdumper kan vera eit verkemiddel for å sikre at farten er låg.

Detaljreguleringplan for Brubakken

Detaljreguleringsplan

Oppdragsgiver

Lom kommune

Oppdrag

Detaljreguleringsplan for Brubakken

Rapport type

Planomtale

Prosjektnr.

15258

Dato

30.11.2017, Rev. C, 20.03.2018



INNHOLD

1	Kort om planforslaget	4
2	Plangrunnlag	7
3	Planprosessen	9
4	Planområdet – eksisterande situasjon	12
5	Risiko og sårbarheit	15
6	Skildring av planforslaget	19
7	Verknader av planforslaget	23

 <p>Projektnr: 15258 arkitektur konstruksjon landskap</p>		Dato: 30.11.2017, rev. C, 20.03.2018		
Status /Rev:	Rev. gjeld:	Dato:	Sign:	KS:
O	Utkast	30.11.17	ØS	AT
O	Til 1. handsaming			
A	Revisjon – Justering i planomtalen etter gjennomgang/mottakskontroll	08.12.17	ØS	AT
B	Revisjon – Justering etterbehandling i Trafikksikringsutvalet, møte 13.12.2017	18.12.17	ØS	AT
C	Revisjon – Justering etter 1. gongs offentleg ettersyn	20.03.18	ØS	AT
Kontaktinformasjon: Nordplan AS Pb 224 6771 Nordfjordeid Tlf: 57 88 55 00 www.nordplan.no		Kundeinformasjon: Lom kommune Sognefjellsvegen 6 2686 LOM		
Prosjektleiar: Øyvind Sødal				
Medarbeidarar: Ola Forren Sørensen		Sign:		
Kontrollert av: Arvid Tveit		Sign:		

1 Kort om planforslaget

1.1 Innleiing

Plankonsulent Nordplan AS har utarbeidd forslag til detaljreguleringsplan, jf. plan- og bygningslova §§3-7, på vegne av tiltakshavar Lom kommune.

Det vart varsle oppstart av arbeid med reguleringsplanen 05.10.2017 ved annonse i Fjuken og brev til grunneigarar og sektormyndigheter 02.10.2017

Planforslaget består av følgjande dokument:

- Reguleringsplankart (juridisk bindande)
- Reguleringsføresegner (juridisk bindande)
- Planomtale med ROS-analyse (supplement til plankart og føresegner)
- Tekniske planteikningar (tematisk illustrasjonsplan)


Kontaktpersonar:

Oppdragsgjevar: Trine Solberg Johansen, Lom kommune
Nordplan AS: Øyvind Sødal

1.2 Lokalisering og avgrensning av planområdet



Oversiktskart over Lom. Planområdet er lokalisert vestfor Bøvre i Lom sentrum, Fossbergom.




Avgrensing av planområdet.

Planområdet omfattar kommunal veg Brubakken og bustad- og skuleareala nordover, avgrensa av Fv. 467 Solsidevegen og Rv. 15, totalt areal er 61,3 daa. Eigedommene Gnr./Bnr./Fnr. 70/19, 70/19/9, 70/1/7, 70/1, 70/110, 70/136, 70/312, 70/137, 70/183, 70/122, 70/1 196, 70/1/76, 70/182, samt vegareal på Fv. 467 Solsidevegen Gnr./Bnr. 161/12 og Rv. 15 Gnr./Bnr. 162/22 og 70/74 inngår heilt eller delvis i planområdet.

1.3 Eksisterande situasjon

Utsnitt frå flyfoto viser det viktigaste ved arealbruken i dag.



Flyfoto, Lom kommune/Geovekst (2015)

1.4 Samandrag

Føremålet med planarbeidet er å legge rammer og føringar for gjennomføring av trafikksikrande tiltak langs den kommunale vegen Brubakken som går frå Norsk Fjellsenter til Lom helseheim. For byggeområda som inngår i planområde ønskjer ein gjennom reguleringsplanen å fastsetja dagens arealbruk, i tråd med dei føringane som ligg i kommunedelplanen for sentrum.

1.4.1 Mogleg framtidig situasjon

Forslag til framtidig situasjon er at den kommunale vegen får regulert køyreretning opp Brubakken, og at det vert etablert eit fysisk skilje mellom køyrebane og nytt fortau langs nordsiden der dei fleste bustader og målstader er plassert. Skuleområdet og dei andre bebyggelsesområda vert regulert med fastsetting av dagens arealbruk. Viktige gangforbindelsar er fokusert.



Illustrasjon av framtidig situasjon i Brubakken.



Skulegarden ved Loar skule, dagens situasjon.


2 Plangrunnlag

2.1 Plansituasjon

2.1.1 Nasjonale føringer/retningsliner


- Plan og bygningsloven
- Forskrift om konsekvensutgreiing
- Lov om vern mot forureiningar og om avfall (LOV 1981-03-13 nr. 6)
- Lov om vassdrag og grunnvann (LOV 2000-11-24 nr. 82)
- Naturmangfaldlova (LOV 2009-06-19 nr. 100)
- RPR for samordna areal- og transportplanlegging
- Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegginga (T-1521)
- Rikspolitisk retningslinje for universell utforming og Regjeringas handlingsplan for universell utforming og økt tilgjengeleighet 2009-2013
- RPR for styrking av barn og unges interesser

2.1.2 Kommuneplanen sin arealdel ev. kommunedelplanar/temaplanar



Gjeldande og revidert, overordna plan for området syner planområdet med formåla Offentleg tenesteyting/ålmennytig føremål og eksisterande bustadføremål. Revidert kommunedelplan tek inn offentleg og privat tenesteyting (BOP), etter PBL 2009. Området rundt Storstabburet er i revidert kommunedelplan foreslått å bli avsett til grøntformål/park.

2.1.3 Gjeldande og tilgrensande reguleringsplanar



Gjeldande reguleringsplanar som rører planområdet er vist i kartet. Ein stor del av planområdet er ikkje regulert med detaljert plan.

2.2 Analysar som arbeidet er basert på

Arbeidet med kommunedelplan for Fossbergom gjev dei overordna føringane for tiltaka i Brubakken. Føringane vidareførar i stor grad eksisterande situasjon, og overlèt til reguleringsplan å gje føringar for detaljert utforming av tiltak. Viktige utgreiingar:

- Kommunedelplan for Fossbergom, til 2. gongs offentleg ettersyn 07.04.2017 m/analyser og temakart
- Trafikksikringsplan for Lom kommune 2017 – 2021, vedteke 31.08.2017. Planlegging og gjennomføring av tiltak i Brubakken har høgaste prioritet i handlingsplan for fysiske tiltak, kap. 6.2.
- Utkast til plan- og profileikningar for fysiske tiltak i Brubakken. Teikning nr. C001 og C002, datert 01.12.2015.

3 Planprosessen

3.1 Oppstartsmøte og føresetnader for planarbeidet

Det har vore gjennomført oppstartsmøte, den 24.08.2017, i samband med oppstart av arbeidet. Samarbeidsmøte er halde undervegs i planprosessen, i tillegg til informasjonsutveksling per telefon og e-post. Planarbeidet er gjennomført som detaljregulering etter plan- og bygningslova § 12-2.

3.2 Vurdering etter *Forskrift om konsekvensutredninger (KU forskrifta)* – planprogram

Ved planoppstart vart *Forskrift om konsekvensutredninger for planer etter plan og bygningsloven §§ 6, 8 og 10 (i kraft 01.07.2017)* gjennomgått. Ein finn ikkje grunnlag for eit automatisk KU-krav etter § 6, og heller ikkje KU-krav etter vurdering av tiltaka i planen etter § 8.

3.3 Medverknad

Planen vart i medhald av plan- og bygningslova § 12-8 kunngjort oppstarta med annonse i Fjuken og brev til grunneigarar, naboar, lokale og regionale høyringsinstansar, med frist for merknader sett til 05.10.17. Planarbeidet er også annonsert på kommunen og Nordplan sine heimesider (nordplan.no).

Liste over varsle partar går fram av varslingsbrev, datert 02.10.2017. Det er kome inn 7 innspel i annonseringsperioden.

3.4 Innspel til varsle om oppstart av planarbeidet

Frå – innspel og merknad	Vår kommentar
<p>Statens vegvesen, e-post 9.11.2017</p> <p>Brubakken er ein viktig skuleveg, og det er positivt at det leggjast til rette for å betre trafikksikkerheita her. Einvegskøyring kan være ei fornuftig løysing, som mellom anna vil gjera det enklare å innsnevre vegbreidda og etablere gangveg, slik at ein får skilt køyrande og gåande/syklande.</p> <p>Når krysset med fv. 467 opnast, kan dette føre til at det blir gjennomkjøringsmøgleiheit for lokaltrafikk, med fare for trafikkauke. Planarbeidet bør vurdere ytterlegare tiltak for å halde fartsnivået nede, slik at det blir mindre attraktivt med gjennomkjøring.</p> <p>Tiltaka som er regulert i Fv. 467 GS-veg Andvordsjordet bustadfelt – kryss Rv. 15 (2015). skal gjennomførast av Statens vegvesen, med anleggsstart våren 2018. Kryssutbetring ved Brubakken liggjer ikkje inne i denne entreprisa. I dette krysset er det regulert framtidig haldeplass for buss. Når bussen står der vil dette redusere sikt ut på fylkesvegen. Det er gjeve fråvik frå vegnormalen på dette punktet. Statens vegvesen aksepterer løysing meg tilrettelegging for utkjøring her pga. låg trafikkmengd.</p>	<p>Planforslaget legg opp til bruk av einvegskøyrd veg opp Brubakken med fortau på skule-sida. I hovudsak kan tiltaka etablerast på areal i dag brukt til køyreveg.</p> <p>Planforslaget samla sett legg ikkje opp til trafikkauke her. Med fartsdumpar vil ikkje veien vera attraktiv gjennomkjøringsveg, samanlikna med gode alternativ. Fartsdumpar er og tilrådd i planforslagetsi ROS-analyse.</p> <p>Tiltaka i krysset er planlagt med like løysingar, og det er klargjort for ny utforming. Aktuelt kryss bør inngå i arbeida ved Brubakken.</p>

<p>I krysset ved Fjellmuseet ønskjast planområdet utvida slik at hele krysset ver regulert. Planlagde utbetringstiltak i krysset er enda ikkje prioritert i handlingsprogrammet for Riksvegar 2018-2023.</p> <p>Statens vegvesen oppmodar til at forslagsstilla set seg inn i prosjektet <i>Hjertesone – tryggere skolevei</i>. Hjertesoneprosjektet er ei kampanje som handlar om å skape bilfrie område rundt skulane og sikre skulevegen for born.</p> <p>Det blir oppmoda om å tilrettelegge for henting ved SFO.</p> <p>I anleggstida må anleggstrafikk og tilkomst for skuleborn planleggjast godt.</p>	<p>Planforslaget konsentrerar seg i hovudsak om Brubakken og krysset mot KV Lykkjavegen. Planområdet er ikkje utvida. Det er ikkje regulert inn endra løysingar som gjer at planlagde tiltak i KV Lykkjavegen X Rv. 15 kan gjennomførast når dette vert prioritert.</p> <p>Prosjektet er aktuelt med gode forbilde. Planforslaget foreslår konkrete løysinger i tråd med prosjektets tilrådingar.</p> <p>Det er tilrettelagt for henting nært skuleområdet, der også SFO er plassert.</p> <p>Risiko under anleggsfasen er kommentert i ROS-analysa. Det er regulert anlegs- og riggområde, som skal gjera det mogleg å etablere tilstrekkeleg og trygg tilkomst i anleggsfasen.</p>
<p>Fylkesmannen i Oppland, brev av. 10.11.2017</p> <p>Viser til høyring av forslag til kommunedelplan for Fossbergom, der Fylkesmannen fremja motsegn mot parkeringsplanar/ bussterminal som utviding ved kyrkjegården. Fylkesmannen meiner ein bør sjå om det kan vera mogleg å finne areal som kan nyttast til noko av desse føremåla i planområdet.</p> <p>Planområdet regulerer eit større areal der ein bør vurdere fortetting/auka arealutnytting.</p>	<p>Det er ikkje funne grunnlag for å innarbeide større parkeringsplassar/bussterminal i planforslaget.</p> <p>Reguleringsplanen gjev opning for høgare utnyttingsgrad enn i dag, generelt gjeld for bygeområda % BYA=40.</p>
<p>NVE, e-post 7.11.2017</p> <p>Viser til at Plan- og bygningsloven (pbl) og byggteknisk forskrift (TEK 10 Kapittel 7) sett tydelege krav til sikkerheit mot flaum og skred ved ny utbygging. NVE sender med sjekkliste og ber om at denne blir utfyldt. Hvis temaet i sjekklisten er rørt skal NVE ha planen på høyring.</p>	<p>Utfylt sjekkliste følgjer oversendelse av planforslaget til Lom kommune.</p>
<p>Oppland Fylkeskommune, brev av 14.11.2017</p> <p>Oppstartsvarselet gir god oversikt og informasjon om det planlagde tiltaket. Det er ønskjeleg at referatet fra oppstartsmøtet blir vedlagt slik at ytterlegare vurderingar av planinitiativet blir tilgjengeleg.</p> <p>Oppland fylkeskommune opp oppmodar forslagsstilla til å lage ein plan for medverknad i det vidare arbeidet med Brubakken.</p> <p>Avgrensningen må ikkje være til hinder for eventuelle gode løsninger som kan komme på under planarbeidet. Tiltrår forslagsstilla å vurder om det er tilstrekkeleg regulert areal tilknytt Brubakken.</p> <p>Oppland fylkeskommune har gjeve høyringsuttale til ny kommunedelplan for Fossbergom. Der er det gjeve innspel om å vurdere delar av arealet BOP_3 som mogleg kollektivterminal/bussparkering. Dette området er del av framlagde planområdet.</p> <p>Oppland fylkeskommune ber om at Storstabburet, som er vedtaksfreda etter Lov om kulturminner § 15, blir markert med omsynssone, jf. pbl. § 12-6, jf. § 11-8 bokstav d. Området innanfor omsynssone d) forvaltast av regional kulturminneforvaltning etter kulturminnelova.</p>	<p>Det er gjort tilleggsvarsling til skulens foreldreorganisasjonar utover normal varslingsliste. Det vert tilrådd å halde ope møte om tiltaka i samband med offentleg ettersyn av planforslaget.</p> <p>Planforslaget inneber løysing som er mogleg å gjennomføre innanfor reguleringsplanens avgrensning.</p> <p>Det er ikkje funne grunnlag for å innarbeide større parkeringsplassar/bussterminal i planforslaget, men det kombinerte formålet opnar for formåla parkering og kollektivhaldeplass, samt avslippszone «kiss and ride».</p> <p>Merknaden er teke inn i planforslagets plankart og føresegner, og Storstabburet sikrast godt vern gjennom planforslaget.</p>
<p>FAU Loar skule, brev av 9.11.2017</p>	

<p>FAU Loar handsama saka under ordinært FAU møte 30.10.2017 , og ser særslig positivt på at det no er satt i gang planarbeid for dette området. Ein må ta spesielt omsyn til dei mjuke trafikantane, og i særslig ungane under både planarbeid og anleggsperioden.</p> <p>FAU ser fortsatt ikkje krysset og overgangen ved Norsk Fjellmuseum som ei god løysing.</p>	<p>Å trygge trafikkbildet og gje teknisk, gode løysingar for gåande og syklande i Brubakken er vidd tungt om i planarbeidet.</p> <p>Krysset ved Fjellmuseet består av to vegkryss og delt areal. Dei regulerte løysingane omfattar vegen tom. KV Brubakken X KV Lykkjavegen. I illustrasjonsplanen er kryssovergangen noko meir detaljert og syner ei mogleg utforming med bruk av oppheva «shared space» - løysing som kan betre vilkåra for gåande/syklande i dette området.</p>
<p>Det bør utarbeidast ein plan for korleis trafikkhandteringen til barnehagen og skulen skal vera under anleggsperioden. FAU ønskjer ein grundig, men stuttast råd planprosess og anleggsperiode.</p>	<p>Forslagsstillar er samtidig med at det må leggjast ein god plan for anleggsgjennomføringa. Det regulerte anleggs- og riggområdet skal mogleggjere at anlegget skal la seg gjennomføre. Skulen og foreldreorganisasjonane bør få tilgang til informasjon og varsling om anleggsarbeidet.</p>
<p>Even Blikken, Kjell Arild Svaet, Finn og Erik Brukveen, e-post 25.10.2017</p> <p>Stiller spørsmål om sideval, ber om at planforslaget vert endra, slik at det arealet mellom vegskulder og gjerdet/grensa til Presthaugen blir nytta istaden for. Meiner sidevalet legg opp til trafikkfarleg løysning fordi det er vankelege å etablere oversiktlege tilkomstforhold til eideommane når desse må krysse fortauet.</p>	<p>Det lagt vekt på å finne løysingar som gir minst mogleg inngrep på eigedomane. Forslagsstillar har vurdert det slik at den beste løysinga totalt sett er at fortauet følgjer den sida der målpunkta for gåande/syklande er å finne. Det er ønskeleg at færrast mogleg vil måtte krysse Brubakken ved sine målpunkt. Alle inn-/utkjørsler til private eigedommar er regulert med frisiktoner som omfattar både køyreveg og fortauet.</p>
<p>Planforslaget kan føre til verdiforringing av eideommane da fortauet vil legge beslag på delar av eideommane, vegetasjon som skjermar for støy og trafikk vil måtte bli berørt av tiltaka. Det ver gjort merksam om nedgravd fiber og luftspent langs Brubakken.</p> <p>Det vert peika på miljømessige fordelar med at vegen framleis bør få tovegs trafikk, da køyrevegen til sentrum vil bli mykje lengre.</p>	<p>Verdiforringing, evt. tap som følge av tiltaka vert vidare handsama i samband med grunnerverv etter vedtak av reguleringsplan, jf. 7.7.3. Byggeplan vil ta omsyn til nedgravde leidningar/kablar og evt omlegging av luftstrekte leidningar.</p>
<p>Stig Roar Mandal, e-post 4.9.2017</p> <p>Legg fram eit forslag til utvida og endra utforming av parkeringsplassen nord for skuleområdet, og ny form på gang- og sykkelvegen forbi krysset ved undergangen.</p> <p>Det blir spelte inn ønskje om snarveg opp til skuleområdet fra gang- og sykkelvegen langs Rv. 15.</p> <p>Meiner at kantparkeringsplassar ved Storstabburet bør fjernast så ein unngår eit stoppunkt her.</p>	<p>Innanfor området o SA/U er det eksisterande parkeringsplass/ASFaltbane. Bruken vidareførast i reguleringsplan med ein kombinert bruk der både undervisning og av- og på-stigning for skulebussar føregår i skilte tidsrom.</p> <p>Denne snarvegen kan etablerast innafor reguleringsplanens ramme, dersom det vert etablert grindløysing i gjerdet mot skulegarden her.</p> <p>Forslagsstillar vurderer at det vil vera betre med å tilrettelegge med kantparkeringsplassar enn at bilane stoppar trafikken i køyrebanen, all den tid dette er ein vanleg bruk stopp i dag. Kantstoppen må vera fysisk skilt frå fortauet.</p>

3.5 Merknader i høyringsfasen

Dette avsnittet skrivast etter 1. gongs offentleg ettersyn.

4 Planområdet – eksisterande situasjon

4.1 Bruk av planområdet

Noverande arealbruk er bustadar, skular, bygg med offentleg og privat tenesteyting (barnehage, skular, m.v.) og noko grøntareal. Sjå også flyfoto, kap. 1.3.

4.2 Kulturminne og kulturmiljø

I planområdet ligg eitt vedtaksfreda bygg, Storstabburet. Storstabburet er ein stor lafta trietasjes tømmerbygning som er rekna for å vera landets største stabbur. Huset er no ein del av Lom bygdemuseum. Miljøet rundt det freda bygget er viktig for kvaliteten som er knytt til Storstabburet.



Storstabburet, vedtaksfreda bygning i planområdet

4.3 Landskap

Planområdet er plassert i landskapsregionen Øvre dal- og fjellbygder. Området er kjenneteikna av djupe U-dalar omgjeve av høge fjell. Karakteristisk for underregionen er elva Bøvra i Bøverdalen. Planområdet hellar svakt mot nordaust frå med naturområdet Presthaugen som eit høgdedrag litt opp frå dalbotn og elva.

4.4 Friluftsareal, rekreasjonsverdi og bruk

Det er ikkje registrert statlege eller regionalt viktige friluftsområde, men lokalt kjenner vi betydninga av Brubakken og Presthaugen som ein viktig del av Bergomsrunda. Den tilrettelagte vandringa i og rundt Lom sentrum er eit populær turtilbod i Lom sentrum.

4.5 Naturverdiar, viltinteresser, økologiske funksjonar

Planområdet er i stor grad bearbeidd og bebygd, og innehold planta treklynger og buskbeplanting. Området Presthaugen med Lom bygdemuseum, grensar i nord opp mot Brubakken, og er registrert som ein svært viktig naturtype med tørr kalkfuruskog. Dei planlagde tiltaka i Brubakken vil ikkje råke ved naturverdien i Presthaugen.



Særskilte naturtypar, kalkfuruskog på Presthaugen, Kjelde: Miljøstatus.no

Det er ikkje registrert truga, sårbare (raudlista) eller uønskte artar (svartelista) innanfor planområdet. Det er heller ikkje registrert spesielle trekkruter for hjortevilt. Det er ikkje vassdrag eller bekkar med årssikker vassføring som ein skal ta spesielle omsyn til. Kunnskapsgrunnlaget er vurdert til å vere tilstrekkeleg, i samsvar med Naturmangfaldlova § 8, og er drøfta vidare i kapittel 5.

4.6 Grunnforhold

Grunnen er dominert av morene. Det er ikkje registrert grusførekomstar av høg verdi. Det er ikkje gjort grunnundersøkingar for tiltaket, men kjennskap til nærliggjande undersøkt areal indikerer desse faste morenemassar med innslag av sortert materiale.

Planområdet er undersøkt for skredrisiko, NGI-rapport 20081533-1 og syner at planområdet ligg eit godt stykke utanfor det området som er vurdert til å ha høgare skredsannsynlighet enn 1/1000 pr. år.


4.7 Teknisk og sosial infrastruktur

4.7.1 Trafikkforhold

Brubakken er ein kommunal veg utan telledata. Ut frå data frå nærliggjande vegaksar er det rimeleg å anta ein døgntrafikk på 100-300. Trafikkmengda er koncentrert kring opne- og stengjetider i skule/barnehage. Strekninga er skuleveg og forbindelse til og frå aktivitetar for skule og barnehage og har mange gåande og syklende.

- Rv. 15, ÅDT 3225 (2016) Fartsgrense 50 km/t
- Fv 467. til Kulihaugen, ÅDT 518 (2016), fartsgrense 40 km/t
- Fv 467. videre, ÅDT 388 (2016), fartsgrense 40 km/t

Våren 2012 vart det gjennomført barnetrakkregistreringar i Lom sentrum. Delar av Brubakken og andre viktige strekningar vart kartlagt med bruksfrekvens og om strekninga var opplevd som farleg. Eit større tal beinvegar går over skuleområdet. Beinvegane er viktig for å legge til rette for at folk går og syklar til skule og arbeid.



Utklipp frå Lom kommunes barnetrakkregisteringar, 2012

4.7.2 Fart og køyreretning i Brubakken

Strekninga har relativ liten trafikk og låg fart, men dei trafikale utfordringane dreier seg om den punktvise lasta rundt opnings- og stengjetider i skule- og barnehage. Det er relativt vanleg at foreldra sjølv skyssar ungane til og frå skule/barnehage og dette føregår i eit kort tidsrom morgen og kveld på kvardagar. Trafikkmengda har same «topp» når det gjeld fotgiengarar og syklistar, som ofte har same bestemmelsesstad som bilane, og ein får ei uheldig samanblanding av trafikk. Begrensingar i køyreretning (einvegsskjøring) og fartsdempande tiltak. (t.d. fartshumper) er vurdert og foreslått i planforslaget. Krysset Brubakken – Lykkjavegen – Rv. 15 er vigg spesiell merksemd i prosjektet.

4.7.3 Vatn- avløp - overvatn

Det er innhenta VA-data frå kommunen som ligg til grunn for prosjektering av fysiske tiltak i Brubakken. Hovudleidningar følgjer ikkje vegtraseen i Brubakken, og vert difor ikkje råka av planforslaget. Stikkrenner og avrenning er kartlagt i arbeidet med teknisk plan. Stikkrenner med for liten dimensjon vil bli utbetra.

5 Risiko og sårbarheit

I samsvar med plan- og bygningslova § 4-3 samfunnssikkerheit og risiko- og sårbarheitsanalyse har ein vurdert alle risiko- og sårbarhetsforhold som har innverknad på om planområdet er eigna til arealbruksføremåla og kva eventuelle tiltak som må gjennomførast for å oppnå akseptabel risiko.

5.1 Metode

Potensiell fare er vurdert gjennom analyseskjema. Tenkjelege hendingar, risikovurdering og moglege tiltak er samanfatta i risikomatrise, og avbøtande tiltak kommentert. Alle punkt i sjekklista er vurdert. Analysen bygger på lov/forskrift, offentlege databasar, samt rettleiar frå DSB: <http://www.dsbo.no/Global/Publikasjoner/2008/Tema/temasamfunnssikkerhetareal.pdf>

Riskomatrisa gir ein kvantifiserbar og visuell framstilling av risiko- og sårbarheit. Matrisa foreslår akseptabel risiko gjennom farge; grøn/gul/raud, som er bestemt av sannsyn og konsekvens for den uønskte hendinga. Risiko = Sannsyn x Konsekvens.

Tabell 1 Matrise som syner risiko som produkt av sannsyn og konsekvens

Konsekvens Sannsyn	1 Ubetydeleg ufarleg	2 Mindre alvorleg/ ein viss fare	3 Betydeleg/ kritisk	4 Alvorleg/ Farleg	5 Svært alvorleg/ Katastrofalt
5 Svært sannsynleg/ Kontinuerleg	5	10	15	20	25
4 Mykje sannsynleg/ periodevis	4	8	12	16	20
3 Sannsynleg/ fleire enkelt- tilfelle	3	6	9	12	15
2 Mindre sannsynleg/ kjende tilfelle	2	4	6	8	10
1 Lite sannsynleg/ ingen tilfelle	1	2	3	4	5

- Hendingar i røde felt: tiltak er naudsynt
- Hendingar i gule felt: Tiltak vert vurdert gjennom kost/nytte
- Hendingar i grøne felt: Enkle tiltak gjennomførast der det gjev effekt

Tiltak som reduserer sannsyn skal fyrst vurderast. Om dette ikkje gir effekt eller er mogeleg, skal tiltak som avgrensar konsekvensane vurderast.

5.2 Analyse

Tabell 2 Analyseskjema med gjennomgang av uønskte hendinger for risikovurdering

Uønskt hending	Kons før planen	Kons av planen	Sanns.	Kons.	Risiko	Kommentar/Tiltak	Kjelde
Natur- og miljøforhold							
Ras/skred/flom							
Steinsprang	Nei	Nei	1	3	3	Faresonekart syner at krava til sikker byggegrunn er tilfredsstilt	NGIrapport 20081533-1
Masseutgliding/leirskred/flaumskred	Nei	Nei	1	3	3	Faresonekart syner at krava til sikker byggegrunn er tilfredsstilt	NGIrapport 2008 1533-1
Snøskred	Nei	Nei	1	3	3	Faresonekart syner at krava til sikker byggegrunn er tilfredsstilt	NGIrapport 20081533-1
Dambrot	Nei	Nei					
Elveflaum/tidevatnflaum/stormflo	Nei	Nei	1	3	3	Ikkje utarbeidd faresonekart. Ingen kjende hendinger.	Kartdata fra NVE
Overflatevann/klima endr.	Nei	Ja	2	2	4	Ingen endring i situasjon gjennom planlagde tiltak	Kartdata, kommunalt OV-nett
Vindutsette område(Ekstremvær, storm og orkan)	Nei	Nei					
Natur- og kulturområde							
Sårbar flora	Nei	Nei					miljostatus.no
Sårbar fauna /fisk, verne- område og vassdrags-område	Nei	Nei					miljostatus.no
Fornminne (Automatisk freda)	Nei	Nei					Askeladden.ra.no
Kulturminne/-miljø	Ja	Ja	1	1	1	Vedtaksfreda bygg Storstabburet	Askeladden.ra.no / Oppland fylkes-kommune

Uønskt hending	Kons <u>før</u> planen	Kons <u>av</u> planen	Sanns.	Kons.	Risiko	Kommentar/Tiltak	Kjelde
Menneskeskapte forhold							
Strategiske område							
Brot i transportnett, veg, bru, knutepunkt	Ja	Ja	2	1	2	Gode omkjørings- moglegheiter	vegkart.no
Forsyning kraft/ elektrisitet (Samanbrot i kraftforsyning)	Ja	Ja	2	1	2	God kraftforsyning i planområdet	Kartdata frå Eidefoss AS
Svikt i fjernvarme	Ja	Ja	2	1	2	Fjernvarmenett i planområdet, leverer varme til formålsbygg. Gode back- uplösninger	Lom kommune
Vassforsyning (Svikt/ureining av drikkevassforsyning)	Ja	Ja	2	2	4	Off. nett	Kartdata, kommunalt VA-nett
Avlaup-systemet (Svikt eller brot)	Ja	Ja	2	1	2	Off. nett	Kartdata, kommunalt VA-nett
Terror/sabotasje/ skadeverk.	Nei	Nei					
Tele/ Kommunikasjons samband (samanbrot)	Nei	Nei					
Militære anlegg, gruver eller fareområde i nærrområdet	Nei	Nei					
Brann (med større konsekvensar)	Ja	Ja	1	3	3	Sannsyn er satt lågt ut frå gen. tekkn. krav til bygg	Kommunalt brannvesen/ TEK10
Samanrasing av bygning/ konstruksjonar	Ja	Ja	1	3	3	Sannsyn er satt lågt ut frå gen. tekkn. krav til bygg	Kommunalt brannvesen/ TEK10
Andre ureiningskjelder							
Bustadureining	Ja	Ja	1	2	2	Bustader er tilknytt off. nett	Lom kommune

Uønskt hending	Kons <u>før</u> planen	Kons <u>av</u> planen	Sanns.	Kons.	Risiko	Kommentar/Tiltak	Kjelde
Landbruksureining	Nei	Nei					
Akutt ureining	Nei	Nei					
Støv og støy	Nei	Ja	3	1	3	Ikkje sannsynleg at planlagde tiltak endre støystuasjon i planområdet	Støyvarselskart, Statens vegvesen
Radongass	Nei	Nei					miljostatus.no
Stråling frå høgspentline	Nei	Nei					
Trafikktryggleik							
Ulykke med farlig gods	Nei	Nei					vegkart.no
Ulukke ved inn,- og utkøring.	Ja	Ja	2	3	6	Fleir avkøyrslar i planområdet. Låg fart (30 km/t.)	vegkart.no
Ulukke med gåande/syklande	Ja	Ja	3	3	9	Blanda trafikk i planområdet. Tiltak for å skilje gåande/syklande frå annan trafikk.	vegkart.no
Trafikkulukke ved anleggsgjennomføring	Ja	Ja	1	3	3	Rutiner for risikovurdering anleggsperioden må følges opp. Prosedyrar, varsling og informasjon.	Lom kommune

5.3 Gjennomgang av aktuelle risikoforhold og tiltak

Riskoforhold nr. 29. Ulukke ved inn,- og utkøring (risiko = 6)

Planforslaget tek mål av seg om å løye problemstillingar knytt til sikker tilkomst for gåande, syklande og køyrande, parkering, o.a. infrastrukturtiltak. Det er planlagt nye kantparkeringsplassar som er fysisk skilt for gåande og syklande. Desse vil vera spesielt viktige for skule- og barnehageskyss med privatbilar.

Det er i planen beholdt fleire avkøyrslar som krossar fortauet, som kan innebere ein viss restrisiko. Viktig risikoreduserande tiltak er regulert fri sikt i kryssområda i planen, og etterleving av desse. Sannsynet kan setjast lågt i utgangspunktet fordi farten er låg trafikkmengda er relativt liten.

Risikoforhold nr. 30. Ulukke med gåande/syklande (risiko = 6)

Risiko for ulukke med gåande/syklande er høgare i trafikkområde der det ikkje er etablert god samanheng i gang- og sykkeltrafikken og denne blir blada med øvrig trafikk. Det er stort betringspotensial i den fysiske tilrettelegginga for gåande og syklande i planområdet.

Det blir lagt opp til auka ferdsel i Brubakken med gåande og syklande. Brubakken vert planlagt med fortau for fysisk skilje mellom bil og fotgjengar/syklist. Dette er eit tiltak som vil redusere sannsynet for ulukke med gåande og syklande, og dermed også risiko. Ein bør vurdere andre tiltak for vegstrekninga, t.d. fartsdumper kan vera eit verkemiddel for å sikre at farten er låg.

Reguleringsplanen er utarbeidd og tek inn over seg forslag til risikoreduserande tiltak (over) når tiltaka er gjennomført er det vurdert at sannsyn for ulukke er for både risikoforholda.

6 Skildring av planforslaget

6.1 Planlagt arealbruk

6.1.1 Reguleringsføremål

Arealer er fordelt på dei ulike reguleringsføremåla slik tabellen viser.

Reguleringsføremål	Plannemning	Areal (daa)
§12-5. Nr. 1 - Bebyggelse og anlegg		
Boligbebyggelse-frittliggende småhusbebyggelse (2)	BB1-2	6,9
Nærmiljøanlegg	o_BNM	2,3
Offentlig eller privat tjenesteyting (2)	BOP1-2	6
Undervisning (6)	o_BU1-6	25,3
Sum areal denne kategorien:		40,6
§12-5. Nr. 2 - Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur		
Annen veggrunn - grøntareal (16)		6
Fortau (12)	o_GV1-7, f_GV1-6	1,3
Gangveg/gangareal	o_GV8	1
Gang-/sykkelveg	o_GSV	1
Kjøreveg (11)	o_V1-5, f_Vog p_V1-5	5,6
Samferdselsanlegg kombinert med undervisning	o_SA/U	1,7
Parkeringsplasser (2)	o_SP1-2	1,5
Sum areal denne kategorien:		18,0
§12-5. Nr. 3 - Grønnstruktur		
Park	o_GP	2,6

Turveg	o_GT	0,1
Sum areal denne kategorien:		2,7
SUM		61,3

6.2 Aktuelle reguleringsføremål og planlagde tiltak

6.2.1 Tiltak i kommunal veg Brubakken

Trafikkbildet i Brubakken vert endra, og får ein einvegs trafikk (kjøretøy) med fortau langs vegens nordside. Konseptet sikrar betre lesbarheit og er samla sett minst konfliktfylt i høve arealbeslag og måloppnåing for trafikantbrukargruppene.

Føresetnader og standardval

Brubakken er planlagt med bruk av tilrådd norm; Statens vegvesens handbok N100

- kap. B.2 Fortau
- kap. B.4.1 Gate med eitt kjørefelt
- kap. B.5.1 Kantparkering

Fortau er hovudløysing for gående gjennom Brubakken. Einsidig løysing på nordsida er vald fordi det er her vi finn dei fleste start- og målpunkta for brukargruppa. Fortau består av 2,5 meter ferdselsareal inkl. kantsteinssone. Det er ikkje lagt opp til møblering eller beplantning mellom fortau og kjørebane. Einvegs gate består av 4 meter kjørearealet inkl. kantsteinsklaring. Det er lagt opp til 2 felt med langsgående kantparkering utanfor kjørefeltet.

Strekningsvis gjennomgang

Profilnummer går fram av illustrasjonsplanen.

Profil	Kommentar
0-50	Strekninga vidareførast omtrent som i dag med gate og to kjørefelt. Fortauet koplar seg på gang- og sykkelveg langs Rv. 15 på ca. profil 50. Veglina justerast litt mot sør, litt lenger frå Rv. 15 for betre vinkel i T-kryss mot Lykkjavegen. Illustrasjonsplanen syner eit «shared-space» - prinsipp i kryssområdet Kv. Brubakken x Kv. Lykkjavegen x Rv. 15. Dette kan gjennomførast i medhald av planen som fartsdempande tiltak der arealet er heva og med anna dekke.
50-450	Strekninga vert regulert til einvegsskjørt gate opp Kv. Brubakken. På strekninga er det bustader og byggeareal for offentlege formålsbygg (undervisning og barnehage) på nordsida av vegen. På sørsida ved profil 100-150 er ligg eit bygg med kombinert bruk bustader/tenesteyting. På sørsida, profil 150-460 grensar strekninga mot Presthaugen (Lom bygdemuseum), også mykje brukt som friluftsområde og i forbindelse med arrangement. Avkjørsler vidareførast omtrent som i dag, med nokre unntak. Avkjørsle til det som på kartet er merka «vaktsentral» slås saman med

	<p>avkjørsle til Presthaugen. Det vidareførast ikkje køyrbar tilkomst til Loar skule frå Brubakken ved Storstaburet, profil 180. Moglegheit il avslipp/hentesone her vert etablert med langsgåande parkering (4 plassar).</p> <p>Dagens løysing med parkering som i praksis vert brukt til ei hente/bringgeområde ved barnehagen, profil 300-350, vert erstatta med langsgående kantparkering (9 plassar).</p>
450-510	<p>Krysset mellom Kv. Brubakken og Fv. 467, Solsidevegen er planlagt utbetra gjennom tiltak som er vedtak i reguleringsplan forgang og sykkelveg langs Fv. 467 Andvordsjordet bustadfelt - kryss rv. 15. Areal i kryssområde i den planen merkt B6 er i planforslaget endra til annan veggrunn, grøntareal. Gnr./Bnr./Fnr. 70/1/76 er gjennom gangvegen sikra tilkomst frå Brubakken gjennom dette området.</p>

6.2.2 Undervisning

Innanfor området o_BU1-4 er det eksisterande undervisningsbygg med tilhøyrande interne gangvegar, köyrevegar, parkerings- og utomhusanlegg. o_BU5-6 er i dag ikkje utbygd med formålsbygg, men bruken av arealet i dag tilseier undervisningsformål, og kan eventuelt inngå i ei framtidig utbygging, der også byggeformålet angitt i o_SA/U vert teke i bruk til nye formålsbygg, jf. 6.2.6. Området vert difor regulert til undervisning som ei vidareføring av dagens bruk. Det føreligg ikkje vesentlege byggeplanar som påverkar eksisterande situasjon. I reguleringsplan foreslås reguleringsføresegner som tillatar nybygg, tilbygg og påbygg i form av undervisningsbygg, samt tekniske installasjoner som trafokioskar, anlegg for ventilasjon, og liknande inntil ei øvre grense på 40% BYA. Det vert tillate å oppføre tilhøyrande anlegg av internvegar, sykkelparkering og utomhusanlegg som er naudsynt for undervisningsformålet. Innanfor området BU skal dei delane av området som ikkje er bebygd, bli utforma som uteophaldsareal.

6.2.3 Nærmiljøanlegg

Innanfor området o_BNM er det i dag etablert eit nærmiljøanlegg med ballbane og ulike leikeapparat. Anlegget er ein del av skulens uteområde, og må difor ta omsyn til at uteareal ved undervisningsbygg er viktige for born si motoriske utvikling, til læring, og for skulens psykososiale miljø. Nærmiljøanlegget vil og vera tilgjengeleg utanfor skulens opningstider og ligg sentralt plassert langs viktige, bilfrie gangakser som gjev trygg tilkomstveg.

6.2.4 Parkering

Det er ikkje planlagt nye undervisningsbygg eller endra behov som gjer at det er vesentlege endringar i parkeringsbehov. Reguleringsplanen syner 2 offentlege parkeringsplassar, o_SP1-2, som er etablerte i dag. Det settast ikkje detaljerte krav til utforming av parkeringsplassane.

6.2.5 Køyrevegar

Områda er namngjeve i plankartet og omfattar desse områda:

- o_V 1-5, (offentlege). Tiltak i o_V3 (Brubakken) er beskrive over.
- f_V, (felles)
- p_V1-6, (private)

Regulerte veger i planområdet er viktige anlegg i samferdselssystemet. Både Riks- fylkes- kommunale og private vegar er representert i planområdet.

6.2.6 Samferdselsanlegg kombinert med undervisning

Innanfor området o_SA/U er det eksisterande parkeringsplass/asfaltbane. Bruken vidareførast i reguleringsplan med ein kombinert bruk der både undervisning og av- og på-stigning for skulebussar føregår i skilte tidsrom.

6.2.7 Gang og sykkelvegar/fortau/gangvegar/gangareal

Områda er namngjeve i plankartet og omfattar desse områda:

- o_GSV
- o_GV1-7 og f_GV1-6, tiltak beskrive i avsnitt over
- o_GV8

Områda skal utformast slik at dei gjev god framkommeleighet, universelt utforma der det er mogleg, og med funksjon som beinvegar mellom formålsbygg, sentrum og bustadområde. Felles områda som er merka f_GV1-6 er regulert slik for å sikre tilkomst for regulerte bustader i planområdet som treng kryssa fortau i si avkøyrslle til eigedommen.

Området o_GV8 er regulert til offentleg gangveg/gangareal. Dette er interne gangvegar som skal vera eit oversiktleig, trafikksikkert og lett orienterbare, med korte avstandar mellom parkeringsplassar, uteopphaldsareal og hovudinngang. Det tillatast etablering av port/grind eller fartsdempande tiltak for sykkel der dette er naudsynt.

6.2.8 Offentleg/privat tenesteyting

Områda BOP 1 og BOP2 vidarefører dagens arealbruk, med breitt tenesteytingsføremål som tillatar bygging inntil ei øvre grense på 40% BYA.

6.2.9 Bustadområda

Områda BB1 og BB2 er eksisterande, bebygde bustadomter som ikkje tidlegare har vore regulert. Reguleringsføremålet følgjer eigedomsgrensene. Alle bustadtomtene får tillatt grad av utnytting inntil 40% BYA i tråd med forslag til revidert kommunedelplan for Fossbergom. Bustadtomtene har tilkomst via avkørsler frå Kv. Brubakken, Gnr./Bnr. 70/122 har tilkomst via felles veg, f_V2 ved barnehage- og skuleområdet.

Reguleringsføresegner ang. form/materialkrav er gjort gjeldande slik kommunedelplanen foreslår og som elles er gjeldande praksis i regulerte bustadområde i nærleiken. Det er teke inn 4 meters byggegrense mot naboeigedommar på alle tomtene.

6.2.10 Turveg

Ein viktig snarveg frå sentrum og opp i Presthaugen er teke inn som turveg, o_GT.

6.2.11 Park

Arealet der det freda Storstabburet ligg, foreslås til byggeformålet park.

6.3 Bandleggingssone

Storstabburet er vedtaksfreda etter Lov om kulturminne § 15, Bygget er markert med omsynssone, jf. pbl. § 12-6, jf. § 11-8 bokstav d. Området innenfor omsynssone d) er forvalta av regional kulturminneforvaltning etter kulturminnelova. Bygget kan ikkje rivast, flyttast, byggjast på, eller endrast ut over vanleg vedlikehald. Tiltak ut over dette krev løyve etter § 15 a. Dette omfatter også fast inventar.

7 Verknader av planforslaget

7.1 Overordna og overlappande planar

Reguleringsplanen vil legge til rette for gjennomføring av prioriterte tiltak i handlingsplan trafikksikringsplan for Lom kommune 2017 – 2021, høyningsversjon 07.06.2017. Planforslaget vil også supplere og ajourføre gjeldande reguleringsplan i området.

7.2 Bumiljø/bukvalitet/stadutvikling

Gang- og sykkelvegen vil gje eit betre tilbod for gåande og syklande ved at denne trafikanterbruken blir prioritert. Fortau langs Brubakken bind saman Lom sentrum med gang- og sykkelvegnettet som vil komme langs Fv. 467 Solsidevegen, med viktige målpunkt som Lom helseheim, bustadområder og ulike tuttilbod, jf. 7.4.

7.3 Landskap, kulturminne og -miljø

Planlagde tiltak i Brubakken vil ha liten verknad på landskap eller kulturmiljø, men vil ha mindre, lokale inngrep i sideareal. Ingen av tiltaka medfører større skjeringar/fyllingar, og vil følge dagens vegline i Brubakken.

Tiltaka som byggemråda i o_BU1-6, opnar for, kan i kraft av tillate maksimal utnyttingsgrad opne for nye undervisningsbygg med eit volum gje landskapsverknad. Reguleringsføresegnene styrer form- og materialkrav og skal hindre uforholdsmessige volum. Det er stilt krav til utomhusplan i samband med bygesaker i byggemråda.

7.4 Friluftsareal, rekreasjonsverdi og rekreasjonsbruk

Prosjektet legg opp til betre tryggleik og gjere det lettare å kome fram for myke trafikantar. Tilhøva aktivitet i nærmiljøet og tilgang til attraktive friluftslivstilbod vert betra. Brubakken heng saman med mykje brukte og merka turstigar til Lomseggen, kulturstigen Bordvass-vegen (følgjer ein gammal vassveg med informasjon om vatningskulturen i Lom) og Tor Jonssonstugu (diktarheim).

7.5 Naturverdiar, viltinteresser, økologiske funksjonar osv.

Det er gjort utsjekk av viktige naturtypar og artar mot Naturbase, Artsdatabanken og andre kjelder som er nemnd i teksten. Det er ikkje gjort supplerande synfaringar i felt og tilgjengeleg informasjon i offentlege databasar er vurdert som tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag på tidspunktet for planlegging.

I tråd med føremålet til naturmangfaldlova søker ein i planforslaget å legge til grunn ein berekraftig bruk og vern av naturen. Det skal alltid vere ein gjennomgang av planforslaget, med henvisning til NML §§ 8-12, i planomtalen, slik at ein dokumenterer at forslaget er vurdert opp mot naturmangfaldlova.

Etter gjennomgang av aktuelle databasar legg ein til grunn at det er / ikkje er registrert særlege verdiar innanfor området, og at det er / ikkje er behov for ytterlegare kunnskapsgrunnlag for å ta stilling til verknadene av planforslaget.

Det er lite truleg at planforslaget vil gjøre irreversibel skade på naturmangfaldet, jamfør NML § 9. Omfanget av utbygginga er beskjedent men utgjer ikkje ei stor belasting, jamfør NML § 10. I

tråd med NML § 12 er det lagt til grunn føresegner som sikrar ei utbygging som sikrar bruk av miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar. Det er ikkje større sannsynleg gevinst for naturmangfaldet ved å lokalisere tiltak som inngår i planen andre stader i området. Området er ut frå ei totalvurdering ei god lokalisering . NML § 11 om at tiltakshavar skal dekke kostnader ved å hindre eller avgrense skade på naturmangfaldet vert rekna som lite relevant for dette planvedtaket.

7.6 Jordressursar/landbruk/skogbruk

Tiltaket vil ikkje legge beslag på fulldyrka mark eller naturressursar. Eit 5 meter breitt anleggssbelte i byggeperioden, vil gje midlertidig beslag av grøntområde/park ved Storstaburet. Oppmåling og rapportering av endeleg omfang blir gjort når anlegget står ferdig.

7.7 Gjennomføring av tiltaka i Brubakken

7.7.1 Trafikkforhold

Det er eit nasjonalt mål (RPR-samordna areal- og transportplanlegging) å samordne planlegging av utbyggingsmønsteret og transportsystemet, slik at det vert lagt til rette for ein mest mogleg effektiv, trygg og miljøvennleg transport, og slik at transportbehovet vert avgrensa. Når Brubakken blir regulert med einvegskøyring vil krysset med Fv. 467 opnast. Dette fører til at det blir gjennomkjøringsmulighet for lokaltrafikk. Det ventast ikkje trafikkauke på grunn av dette, fordi farten er låg og vegen vil vera lite effektiv som gjennomkjøringsveg.

Skuleområdet har i dag ei god løysning for kollektivtrafikk med busstopp ved Loar og på området vist som o_SA/U nord i planområdet. Denne kombinerte løysninga er tenkt vidareført i planforslaget, og gjer samla sett ein trygg skuleveg frå buss til skule, som også gjev god tilgjengelegheit med akseptabelt stigningsforhold til inngang på Loar skule.

Det finst ikkje reglar for dimensjonering av parkeringsplassar ved skulebygg, men behovet for parkering for arbeidsplassparkering synast tilstrekkeleg for dagleg parkeringslast i dag og det er ikkje konkrete planar om utviding som skulle føre til auka behov.

Det er i føresegne stilt krav om tilrettelegging for HC-parkeringsplassar i nærleiken til hovudinngang på alle formålsbygga. Føresegne opnar og for tilrettelegging for bruk av sykkel, med sykkelparkeringsplassar nært inngangsparti. Sykkelparkeringsplassar bør bli plassert under tak med gode mogleheter for låsing.

7.7.2 Køyretilkomst til private eigedommar

Tiltaka i Brubakken vil i nokon grad påverke eksisterande, bebygde bustadomter (BB1 og BB2) i reguleringsplan. Formålsgrensene følgjer i stor grad eigedomsgrensene, og tiltaka medfører ikkje permanent arealbeslag på private bustadomter. Eit anleggssbelte (anleggs- og riggområde, 5 meter) vil gje midlertidig arealbeslag på bebygd eigedom. Ingen bygningar må rivast som følgje av planlagde tiltak, men det vil bli teke ned gjerder og diverse beplantning.

7.7.3 Grunnerverv

Vedteke reguleringsplan er det juridiske grunnlaget for erverv av grunn og rettar som er naudsint for gjennomføring av tiltaket. Erverv av grunn blir søkt løyst gjennom minnelege forhandlingar. Om minnelege forhandlingar ikkje førar fram, kan grunn- og rettar bli erverva gjennom oreigning (ekspropriasjon /tvunge avståing) med heimel i veglova § 50 eller plan- og bygningslova kap. 16 – jfr. § 12-4. Ved oreigning vert erstatninga fastsett ved rettsleg skjønn.

Regulert grense for samferdselsanlegget fastlegg kva som kan bli erva til trafikkfremål. I samferdselsanlegg inngår køyreveg, gang- og sykkelveg/fortau og annan veggrunn. Mellombels anlegg- og riggområde vert ikkje erva, men kan disponerast av utbyggar i anleggsperioda. Skade og tap som følgje av mellombels bruk under anlegget skal erstattast.

Oversikt iver eigedommar som vert berørt:

Gnr/Bnr/Fnr	Eigar/festar	Adresse
70/19/9	Lom kommune/Norsk fjellsenter	Bergomsvegen 19, 2686 LOM
70/136	Tone Merethe Rudsar og Kjell Arild Svaet	Brubakken 1, 2686 LOM
70/312	Even Blikken	Brubakken 3, 2686 LOM
70/137	Erik Brukveen	Brubakken 5, 2686 LOM
70/1/196	Opplysningsvesenets fond	Postboks 535 Sentrum, 0105 OSLO
70/1/76	Opplysningsvesenets fond	Postboks 535 Sentrum, 0105 OSLO

7.7.4 Vatn, avløp og overvatn

Den planlagde utbygginga vil ha godt samsvar med hovudplan vatn og avløp, da byggeområda er fullt utbygd med offentleg infrastruktur, som har god nok kapasitet i dag. Det er ikkje naudsint med nye høgdebasseng, hovudleidningar pumpeløysning ved gjennomføring av reguleringsplanen. Overvasshandtering foregår gjennom dagens nett.

7.8 Barn og unge sine interesser

Bygging av fortau på strekninga vil vera eit positivt tiltak også for barn og unge. Tiltaka gjerast langs ein vegstrekning der det ikkje er tilrettelagt for mjuke trafikantar. Planforslaget vil gje ei attraktiv og trafiksikker løysing på hele strekninga. Fortauet er planlagt i hovudsak på same side som skule- og barnehageområda. Konsekvensane for gang- og sykkeltrafikk er vurdert positive.

7.9 Universell tilgjenge

Veganlegget skal kunne nyttast av alle trafikantgruppe, og kravet til universell utforming skal innfris så langt det let seg gjere. Vegsystemet skal være lett å orientere seg i, skal være lesbart/logisk. Stigningsforholda i Brubakken er slik at det ikkje kan oppnås maksimum 1:20, men brattaste stigning på 5,8 % vurderast som akseptabelt ut frå gjeldande terrengtilhøve. Ved oppmerka gangfelt skal nedsenka kantstein og taktil oppmerking nyttast, i tillegg til god belysning.

7.10 Verknader i anleggsfasen

Anleggsperioden kan strekke seg over fleire månader. Det skal utarbeidast plan for trafikkavvikling i anleggsperioda som skal ta omsyn til sikkerheit. Det er regulert areal som kan brukast til anleggs- og riggområde til bruk under bygginga, slik at arbeidet kan bli gjort på best og sikrast mogleg måte. Risikoreduserande tiltak kan være redusert fart, bruk av sikringspersonell ved aktivitetar der bil/maskinførar har redusert utsyn, sperring/skilting om varsel om aktivitet og informasjon til omgjevnadene om anlegget og arbeidet. Ambulansar, brannbil og eventuell anna beredskap skal sikrast framkommelegheit i anleggsfasen.

Vedlegg

Følgande dokument skal følge saka:


- Føresegner, 30.11.2017
- Plankart, 30.11.2017
- Varslingsbrev, datert 02.10.2017
- Illustrasjonsplan, Datert 30.11.2017

Nordplan AS

Telefon 57 88 55 00
Telefax 57 88 55 01

www.nordplan.no
post@nordplan.no

NO 948 081 768 MVA
Bankkonto: 3790 05 03459



FØRESEGNER

DETALJREGULERINGSPLAN FOR BRUBAKKEN

Føresegner dagsett: 30.11.2017, Rev. C 20.03.2018

Plankart dagsett: 30.11.2017, Rev. C, 20.03.2018

1. GENERELT

Desse føresegnene gjeld for området innanfor plangrensa på plankartet. Utbygging av området skal skje i samsvar med plankartet og føresegner.

Føresegnene kjem i tillegg til det som vert bestemt i plan- og bygningslova med forskrifter.

Der ikke anna er vist i gjeldande reguleringsplanar, er byggegrensa langs fv. 247 som fastsett i veglova § 29.

2. REGULERINGSFØREMÅL

Området er regulert til følgjande føremål:

§12-5. Nr. 1 - Bygningar og anlegg

Boligbebyggelse-frittligjande småhusbebyggelse – BB1-2

Nærmiljøanlegg o_BNM

Offentleg eller privat tenesteyting – BOP1-2

Undervisning o_BU1-6

§12-5. Nr. 2 - Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

Annan veggrunn - grøntareal

Fortau – o_GV1-7, f_GV1-6

Gangveg/gangareal – o_GV8

Gang-/sykkelveg – o_GSV

Køyreveg – o_V1-5, f_V, og p_V1-5

Samferdselsanlegg kombinert med undervisning – o_SA/U

Parkeringsplassar – o_SP1-2

§12-5. Nr. 3 – Grøntstruktur

Park – o_GP

Turveg – o_GT

3. FELLES FØRESEGNER

3.1. Krav til byggesøknad

Bygg, anlegg og verksemder skal utformast med sikte på å sikre gode arkitektoniske løysingar og ta naudsynt omsyn til eksisterande miljø.

Søknad om løyve til tiltak skal innehalde ein detaljert, kotesett situasjonsplan. Denne skal vise plassering av bygningar, handsaming av terregn, parkeringsplassar, gjerder, interne gangvegar, oppstillingsplass for avfallsdunkar og avstand mellom bygningar og til nabogrense. Situasjonsplan skal ha målestokk 1:500.

3.2. Parkering

Utbyggjar skal sjølv opparbeide eit tilstrekkeleg tal parkeringsplassar, på eigen grunn, eller som dokumentert leigde eller felles eigde plassar utanfor planområdet.

Kravet til parkeringsplassar er fastsett slik: (areal er brutto golvareal)

- Bygningsareal for bustader: 2 parkeringsplassar per bueining
- For byggeområda undervisning o_BU1-6, og BOP1-2 skal kravet om parkeringsdekning tilsvare 0,7 plassar pr. tilsett. Det skal i tillegg bli lagt til rette for sykkelparkering innanfor desse områda. Sykkelparkering skal vera plassert nær hovudinngang og være delvis overbygde.

3.3. Plassering og utnyttingsgrad

Bygningar skal plasserast innanfor dei regulerte byggegrenser, elles gjeld reglane plan- og bygningslova med tilhøyrande byggeteknisk forskrift.

Tillate bygd areal (BYA) vert definert etter den til kvar tid gjeldande byggeteknisk forskrift. %-BYA angir tillate bygd areal i prosent av tomta sitt nettoareal. Naudsynt parkeringsareal vert rekna med i utnyttinga.

3.4. Bygningsform, plassering, materialbruk og farge

Kommunen skal ved handsaming av byggesøknader sjå til at bygningar får ei god form og materialbehandling, og at det vert lagt vekt på å finne ei så god løysing som mogleg i høve til terengtilpassing.

Ved byggesøknad skal ein sjå til at bygningar innanfor planområdet får ei harmonisk utforming med omsyn til materiale, takvinkel/takform og farge.

3.5. Terengtilpassing, utomhusplan

Den ikkje-bygde delen av tomta skal utformast på ein tiltalande måte.

Ein bør i størst mogleg grad ta vare på og nytte eksisterande terren og vegetasjon i området i samband med utbygging.

3.6. Høgde på terren, gjerde, m.v. mot offentleg veg og grøntareal

Terren, gjerde, hekkar o.l. i føremålgrensa langs offentlege vegar skal ikkje vere høgare enn 1,2 m over vegnivået, og 0,5 m ved kryss eller avkjørslar, jf. Statens vegvesen si handbok N100.

3.7. Forholdet til kulturminne

Om det i samband med gravearbeida vert gjort funn av gjenstandar eller konstruksjonar, pliktar ein å stoppe arbeidet snarast og underrette kulturavdelinga i fylket for avklaring, jf. kulturminnelova § 8 andre ledd.

3.8. Universell utforming

Universell utforming skal i bygge- og anleggsområda dokumenterast i byggesøknad og følgje krava i teknisk forskrift.

Det skal sikrast tilgjenge for alle både inne og ute, inkludert personar med nedsett rørsleevne, syn, hørsel, forståing, samt nedsett toleranse for forureining og allergiframkallende stoff.

Trafikkområda skal, så langt terrenget gir høve til det, utformast etter standard for universell utforming.

3.9. Estetisk kvalitet

Bygg, anlegg og uteområde skal tilfredsstille rimelege omsyn til estetisk godt uttrykk både i seg sjølv og i forhold til omgjevnadene. Tiltak skal ha ei god estetisk utforming i samsvar med funksjon.

3.10. Krav om uteoppholdsareal for bustader

For alle bueiningar, skal det i eller i rimeleg nær tilknyting til husværet vere uteoppholdsareal som er eigna til opphold ute. Som uteoppholdsareal kan rekna dei delar av tomta som ikkje er bygd eller avsett til køyring og parkering, eller som takterrasse/balkong. Arealet skal vere tilgjengeleg, skjerma mot innsyn og støy. Plassen bør ha solinnfall.

Uteoppholdsarealet kan vere felles og privat.

3.11. Drenering, tilgang til kommunaltekniske anlegg

Innanfor kvar tomt må utbyggar sørge for nødvendig drenering for overvatn og grunnvatn, og føre dette til avløp til bekk/vassdrag eller kommunalt/privat leidningsnett etter godkjenning av kommunen. Overvatn skal infiltrerast på eigen grunn.

4. BYGNINGAR OG ANLEGG

4.1. Undervisning, o_BU1-6

Område regulert til skule er namna o_BU1-6. Innanfor området kan det bli oppført undervisningsbygg og anlegg for leik og idrett.

- Det tillatast å bygge skulebygg med nybygg og/eller tilbygg, apparat og infrastruktur for leik og idrett, samt møteplassar. Reiskapshus, leskur, og tekniske installasjonar som er knytt til hovudformålet.
- Maksimal utnyttingsgrad er sett til %BYA = 40%
- Mønehøgda skal vere maksimalt 8,0 m målt frå gjennomsnittleg planert terrengnivå rundt bygget.
- Det skal vera minimum 30m² uteoppahldsareal per elev, knytt direkte til skolen.
- Køyring på formålsområdet skal vera regulert med låst bom.
- Trafo med oppstillingsplass og betjeningsareal tillatast innanfor byggegrensa. Maksimal høgde 3,0 m.

4.2. Nærmiljøanlegg, o_BNM

Nærmiljøanlegg skal vera opparbeidd som uteoppahldsareal med god utforming, gode sosiale møteplassar og høg kvalitet i material. Apparat og infrastruktur for leik og idrett, samt med reiskapshus, drivhus, o.a. som er knytt til formålet er tillate.

4.3. Offentleg eller privat tenestyting, BOP

Område er regulert til offentleg eller privat tenesteyting. Innanfor området kan det bli oppført bygg for offentleg eller privat tenesteyting eller ein kombinasjon av desse.

- Det tillatast oppført anlegg for offentleg/privat tenesteyting. Kommersiell verksemder som blir etablert innanfor formålet skal yte tenester som er retta mot ålmenta.
- Maksimal BYA= 60 %.
- Mønehøgda skal vera maksimalt 10 m målt frå gjennomsnittleg planert terrengnivå rundt bygget.
- For BOP2 kan dagens bruk av eksisterande bygningsmasse vidareførast.

4.4. Eksisterande bustadområde, BB1-2

Eksisterande bustadområde er namna BB1-2. Innanfor område med eksisterande bygg tillatast tomteutnytting inntil BYA = 40 %. Ved fortetting og bruksendring på enkelttomtar bør det visast konsekvensar for naboeigedom, eventuelt med moglegheiter for ytterlegare fortetting.

- I bustadområda skal tillatast frittliggjande bustadhus og tilhøyrande uthus (garasje, reiskapshus og liknande).
- Tak skal ha form som saltak med vinkel mellom 15-45 grader.
- Bustader og uthus skal vera plassert innanfor viste byggegrenser.
- Bustader kan byggjast i inntil to etasjar og uthus, inntil ein.
- Garasjar skal plasserast slik at det i avkjøringa frå veg er plass til minst ein personbil, \geq 5 meter frå kanten på køyrebanen.

5. GRØNSTRUKTUR

5.1. Park o_GP

I parkområdet o_GP skal bruken av areal, utstyr og løysingar sjåast i samanheng med det freda bygget Storstabburet, og arealet kan nyttast på same måte som tidlegare. Eventuell opparbeiding med belegningsstein/plantebed, benkar ol. skal vera universelt utforma så lang det let seg gjera og vera tilgjengeleg for ålmenta.

5.2. Turveg o_GT

Området o_GT er regulert til turveg for å sikre beinveg til friområde på Presthaugen frå sentrum. Mindre tilrettelegging som understøttar dette formålet er tillate.

6. SAMFERDELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR

6.1. Køyreveg o_V1-5, f_V og p_V1-6

Arealet o_V1 er Rv. 15, o_V2 er Fv. 467 Solsidevegen o_V2, o_V3 består av dei kommunale vegane Brubakken og Lykkjavegen. Drift og vedlikehald på desse areaala er offentleg ansvar. Trafikkflyt og skilting skal regulerast gjennom vedtak etter eige forskrift. For dei felles vegane merka f_V gjeld det same drifts- og vedlikehaldsansvar.

P_V1-6 skal nyttast til privat tilkomst og eigast og vedlikehaldast av rettigheitshavarane som i dag.

6.2. Gang-/sykkelveg o_GSV, og Fortau o_GV1-7 og f_GV1-6

Områda regulert til fortau reknast som del av dei offentlege trafikkområda. Drift og vedlikehald på desse areaala er

offentleg ansvar. Trafikkflyt og skilting skal regulerast gjennom vedtak etter eige forskrift.

6.3. Gangveg/gangareal, o_GV8

Områda regulert til offentleg gangveg/gangareal skal vera eit oversiktlegr, trafikksikkert og lett orienterbart gangvegnett med korte avstandar mellom parkeringsplassar, uteoppahaldsareal og hovudinngang. Det tillatast etablering av port/grind eller fartsdempande tiltak for sykkel der dette er naudsynt.

6.4. Samferdselsanlegg kombinert med undervisning, o_SA/U

Området brukast til undervisning og som av- og på-stigning for skulebussar i skilta tidsrom, og som parkeringsplass utanfor skulen sin opningstid. Det kan tilretteleggjast for kombinert samferdselsformål med parkering og kollektivhaldeplass. Plassen skal dimensjonerast for buss.

6.5. Parkeringsplassar o_SP1-2

Innanfor områda o_SP1 og SP2 skal det etablerast offentlege parkeringsplassar. Minimum Pr. 20 plass skal det vera merka 1 HC parkeringplassar i desse områda, men ikkje mindre enn ein i kvart område.

7. OMSYNSSZONE

7.1. Bestemmelsesområde, (bandleggingsszone), H730

Bygget som er omfatta av bandleggingsområdet er vedtaksfreda etter Lov om kulturminne § 15. Bygget, med tilhøyrande sikringssone på 5 meter er

markert med omsynssone, jf. pbl. § 12-6, jf. § 11-8 bokstav d. Området innanfor omsynssone d) er forvalta av regional kulturminneforvaltning etter kulturminnelova. Bygget kan ikkje rivast, flyttast, byggjast på, eller endrast ut over vanleg vedlikehald. Tiltak ut over dette krev løyve etter § 15 a. Dette omfattar også fast inventar. Sikringssona er ikkje til hinder for gjennomføring av tiltaket i o_GV1, og kan i tillegg nyttast som riggområde dersom tiltaka ikkje fører til vesentleg ulempa eller skade på det freda bygget.

(raud sone iht. T-1442) på plankartet. Støykjelde er trafikkstøy frå offentlege vegar. Utbygging i gul støysone i areala BU1, 5 og 6 skal sikre eit maksimalt støynivå på uteoppholdsareal og utanfor vindauge til rom med støyfølsamt bruksformål på maks L_{den} 55 db, i tråd med gjeldande støyretningsline.

7.2. Føresegnområde (midlertidig bygge- og anleggsområde)

Midlertidig anlegg- og riggområde kan nyttast til riggplass, lagerplass for masser, anleggsveg, anleggsområde, mellomlagring av masser, samt parkering av anleggsmaskiner. Etter avslutta anlegg opphører midlertidig reguleringsformål. Området skal ryddast og settast i stand og formålet går over til formål som vist i planen, seinast innan eitt år etter at anlegget er ferdigstilt.

7.3. Frisiktsone, H140

Innanfor frisiktsonene H140 skal det vere fri sikt på minimum 0,5 m over tilgrensande vegars nivå. Vegetasjon kan ryddast og tre hoggast for å halde frisiktona oversiktleg. Högstamma tre, trafikkskilt og lysmaster kan plasserast i frisiktona, dersom dei ikkje hindrar fri sikt. Kommunen kan krevje at sikthindrande vegetasjon og gjenstandar blir fjerna.

7.4. Faresone – støy, H210 og H220

Gul og raud støysone, jf. er vist med H220 (raud sone iht. T-1442) og H210

